

Årsmelding fylkeshovudverneombodet (FHVO).

Alle store føretak med over 10 tilsette skal ha ei verneteneste, noko som er heimla i Arbeidsmiljøloven. Ansvarsområda til vernetenesta er sett av Arbeidsmiljøloven, og skal i utgangspunktet sjå til at dei tilsette arbeider innanfor Arbeidsmiljølova, og med det at arbeidsmiljøet i føretaket er bra. God arbeidsmiljø kjem ikkje av seg sjølve, men ein lyt planleggja og leggje til rette for at det er eit godt system og eit godt utviklingsarbeid på det.

15 august 2017 overtok eg som FHVO i Sogn og Fjordane etter Anne Kari Hagen. Vervet er på 60%, medan eg undervisar dei resterande 40% på Årdal vidaregåande skule.

Den første hausten deltok eg på nokre samlingar saman med andre fylkeshovudverneombod, så eg har vorte kjend med de fleste av dei. Det er godt å kunne samanlikna vernetenesta i dei ulike fylka, med den me har i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Fylkeshovudverneomboda i Noreg (FIN) har eit eige nettverk, der det er særskilt enkelt å spørje om ein lurar på noko.

Elles har eg delteke på Arbeidslivskonferansen i Bergen (Arbeidsmiljøsenderet), og eg vart og invitert av UNIO, til Verneombudskonferansen 2017.

Av kurs har eg gjennomført arbeidsmiljøsenderet sitt «Hovedverneombudskurs» på tre dagar, og 40 timer kurset i fylkeskommunen.

Alle hovudverneomboda i fylkeskommunen var invitert til ein dagssamling på Skei, der me gjekk igjennom dei ulike omstillingane SFJ2019 og regionreforma av Rolf Årdal, «korleis riskovurdera» helde av Stamina, Arvid Stenehem om arbeid i LAMU, og eg om «Vernetenesta og avvikshandtering».

På Reinhaldarseminaret snakka eg meg varm om vernetenesta og avviksmeldingar, for reinhaldarane.

Dessutan har eg nytta mykje tid på å setta meg inn i vernetenesta, internkontrollsystem og LAMU referat. Ut frå det har eg vald tema eg burde jobbe med, korleis ein jobbar med dei.

Framover vil eg setja av ein del tid på avvikshandteringssystemet i fylkeskommunen. Eg ber derfor alle tilsette om å sjå på avvikshandteringssystemet ([forbettringsskjema](#)) i Portalen. Målet er at me har eit godt avvikshandteringssystem, når me nå er på veg mot ei samanslåing med Hordaland. Dessutan vil vernetenesta måtte bli involvert i planlegginga og etableringa av Vestlandsregionen (Arbeidsmiljøloven 6-2).

Alt i alt ei læringsrikt halvår, ser fram mot å møte så mange som mulig av dei andre tilsette i fylkeskommunen.

Om det er nok er eg kontaktbar på mail olav.vestrheim@sfj.no og 41530605.

Olav Vestrheim